





## Avskyting og sett — hjort statistikk frå Indre Hafslo

Me har også i år laga nokre små hefte om avskytinga og sett hjort dataa frå dei ulike områda. Dette heftet er laga kun for dykkar område medan det er laga ei eiga og meir heildekkande informasjonsbrosjyre om utviklinga av hjortebestanden i Luster som nok er meir informativ. Denne brosjyra vil valdeiarane få tilsendt i posten medan dei andre finn både denne og brosjyra "Hjort i Luster kommune" på heimesidene til Luster kommune under natur, vilt og fiske.

### Jaktresultat 2001–2007



Ein ser at avskytinga har ny rekord i 2007 med 67 dyr. Avskytinga av kalv aukar medan avskytinga av vaksne er meir stabilt.




Denne figuren syner avskytingsfordelinga, fordelt på hanndyrandel og andel kalv og ungdyr i dykkar område.

Den er laga for å illustrerer korleis de ligg an i høve enkle tommelfingerreglar for hjortevskyting.

Jamn kjønnsfordeling og 60 % kalvar og ungdyr i uttaket vert rekna som "ideelt". Som figuren syner har de betra

dykk noko når det gjeld å auke kalv og ungdyravskytinga. Fellingsprosenten er jamt høg. Den var oppe på 90 då de hadde arealkrav på 750, sidan då har de hatt arealkrav på 500.

## Kor mykje hjort ser de under jakta?




Den beste metoden ein har for å registrere korleis storleiken på bestanden varierer, er å sjå på kor mange dyr gjennomsnittsjegeren observerer per jakttime per år. Ein skjel mellom jakt i utmark og jakt på innmark sidan ein jamt over observerer mange gonger så mykje per jakttime på innmark som i utmark.

Slik statistikk treng svært mange observasjonar for å kunne brukast i praktisk forvaltning. Det blir dermed litt tynt å bruke sett per time til å undersøke bestandsutviklinga i ei sone isolert, men ein vil truleg likevel kunne sjå trendane så me gjer eit forsøk.

For Indre Hafslo har det vore ei jamn auke i observerte per jakttime i utmark sidan me byrja me sett—hjort skjema i 2004. Me må dermed gå ut i frå at hjortetetleiken på Indre Hafslo held fram å auke til tross for at det vert teke ut mykje dyr i området.

Me har dermed ei stor utfordring i å først stanse bestandsveksten og deretter redusere bestanden noko. Då ser det ut som ein må ta ut fleire dyr enn ein gjer i dag. Det er svært vanskeleg å klare å ta ut fleire dyr utan at dei beste dyra forsvinn frå bestanden.

For dykkar område vert det dermed utrolig viktig å konsekvent ta ut dei minste og yngste dyra når ein ser fleire dyr samla. Dette må de som jegerar, grunneigarar og valdleiingar ta ansvar for! Så må kommunen vurdere til sommaren korleis tildeling som er mest tenleg.





Bestandssamansetjinga verkar ikkje å gje noko spesielt eintydige signal på om det er endringar i bestandssamansetjinga.

Tre av fire år har Indre Hafslo av sonene i kommunen hatt færrest kalv per kolle tal. Dette kan indikere at kollene på Indre Hafslo er generelt i dårlegare stand enn i andre område av kommunen. Det er også ein høg hodyrandel i bestanden. Sjå heftet "Hjort i Luster kommune".

## Kor lenge er de på jakt?

Det vart jakta i nesten 1600 timar på Indre Hafslo og de observerte rundt 360 dyr.



Til venstre finn de avskytinga for kvart  
vald i sona

	A	B	C	I	J	K	L	M	N	O	P	Q	R	S	T	U	V	W	X	Y	Z	AA
1	<b>Hjort 2007</b>																					
2	Sone	Valdur	Valdletar fansvarleg	Areaikrav	Tilsagn i alt	1,5 år og eldre hann	Kalv	Fre	Tildelt for år	Vaksne handyr	1,5 år hann	Hannkalv	Vaksne hodyr	1,5 år ho	Hokalv	Totalt	Fellings%	Sum Kalv	Sum Vaksne	Hanndyr i uttaket	Kalv og ungdyr i uttaket	Felt dyr per 1000 da
32	Indre Hafslø	301	Jon Melheim	500	8	0	2	6	2007	1	1	1	1	1	0	5	63%	1	4	60%	60%	1,194
33	Indre Hafslø	302	Espen Flåten	500	5	0	1	4	2007	1	2	1	1	0	0	5	100%	1	4	80%	60%	1,847
34	Indre Hafslø	303	Ståle Veum	500	2	0	1	1	2007	0	0	1	0	0	0	1	50%	1	0	100%	100%	0,979
35	Indre Hafslø	304	Arvid Sviggum	500	8	0	2	6	2007	3	2	0	1	0	0	6	75%	0	6	83%	33%	1,357
36	Indre Hafslø	305	Ståle Veum	500	7	0	2	5	2007	4	1	0	0	0	1	6	86%	1	5	83%	33%	1,673
37	Indre Hafslø	306	Johannes Høgi	500	10	0	3	7	2007	3	1	1	3	0	1	9	90%	2	7	56%	33%	1,753
38	Indre Hafslø	307	Norvald Rønneid	500	11	0	4	7	2007	2	1	0	0	2	1	6	55%	1	5	50%	67%	1,059
39	Indre Hafslø	308	Olav Bergum	500	8	0	2	6	2007	1	0	1	4	1	1	8	100%	2	6	25%	38%	1,872
40	Indre Hafslø	309	Gunnar Sviggum	500	6	0	2	4	2007	1	0	1	2	1	1	6	100%	2	4	33%	50%	1,818
41	Indre Hafslø	310	Kjell Vedvik	500	11	0	4	7	2007	1	2	2	0	1	2	8	73%	4	4	63%	88%	1,419
42	Indre Hafslø	311*	Steinar Schanke	500	6	0	2	4	2007	0	2	0	1	1	2	6	100%	2	4	33%	83%	1,929
43	<b>Totalt Indre Hafslø</b>				<b>82</b>	<b>0</b>	<b>25</b>	<b>57</b>		<b>17</b>	<b>12</b>	<b>8</b>	<b>13</b>	<b>7</b>	<b>9</b>	<b>66</b>	<b>80%</b>	<b>17</b>	<b>49</b>	<b>56%</b>	<b>55%</b>	<b>1,533</b>
44	<b>Prosentfordeling</b>					<b>0%</b>	<b>30%</b>	<b>70%</b>		<b>26%</b>	<b>18%</b>	<b>12%</b>	<b>20%</b>	<b>11%</b>	<b>14%</b>							
45		Gaupne	401	Henrik Rønneid	1000	22	0	8	14	2007	5	3	3	1	1	15	63%	4	11	73%	60%	0,652